

AVTALE

Mellom Lindås kommune, seinare kalla kommunen på den eine sida, og underteikna grunn-eigarar av Gnr 103, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 12, og 15, Fjellanger, i Lindås kommune, -seinare kalla grunneigarane, på den andre sida, -er det inngått følgjande avtale:

- 1 Lindås kommune får med dette rett til å ta ut vatn frå Vågseidvatnet til industrivass-forsyning for industrien på Mongstad.
Retten omfattar vassuttak innafor den fallrett og reguleringsrett ovannemde bruk har i dette vatnet i dag.
Vidare får kommunen ein bruksrett til arealet på opp- og nedsida av fylkesvegen, synt med blåfarge på kartvedlegg, datert 26.11.98, og rett til å ha borehol med tilhøyrande installasjonar, som drikkevassforsyning til Vågseidet.
Ein forutset at areala skal nyttast til pumpehus, veg til p.hus, og andre tekniske anlegg i samband med dette.
- 2 Som vederlag betalar kommunen ei årleg godtgjersle på kr 1250,- for arealet på oppsida av vegen, og leige av grunn til boreholet, og kr 1500,- for arealet på nedsida av vegen.
Som årleg vederlag for reguleringsrettar og fallrettar betalar kommunen kr 50.000,- for inntil 1000.000, m3.
Vederlaget vert regulert kvart år i samsvar med endring i konsumprisindeksen, og med basis 15.01.1988. (206,04)
Vederlaget vert å betala innan 1. April kvart år, til grannelaget på Fjellanger ved formannen, som tek ansvar for den vidare fordelinga.
- 3 Denne avtalen erstattar avtalen frå juni 1988, og gjeld f.o.m. 1999, så lenge kommunen har bruk for denne vassforsyninga.
Avtalen kan likevel seiast opp av bae partar, med tre års varsel.
- 4 Denne avtalen skal ikkje nokon av partane kunne syne til som føremon dersom skjøn vert kravd.
- 5 Denne avtalen skal kunne tinglysast som hefte på eigedomar som inngår i avtalen.
- 6 Avtalen er skriven i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Isdalstø / Lindås 30.12.1998

Kopi

side 2 av avtalen mellom Lindås kommune og bruka på Fjellanger om vassrettar.

For Lindås kommune:

Lindås kommune
X *Kåre Jordal*
Kåre Jordal.

Grunneigarar:

Terje Fauske
Terje Fauske
Gnr 103/1

Sigmund Bakke
Sigmund Bakke
Gnr 103/2

Ruth Fjellanger
Ruth Fjellanger
Gnr 103/3

Jan Erik Vikebø
Jan Erik Vikebø
Gnr 103/4

Karsten Fjellanger
Karsten Fjellanger
Gnr 103/12

Björg Fjellanger
Björg Fjellanger
Gnr 103/5

Helge Fjellanger
Helge Fjellanger
Gnr 103/6

Hans A. Fjellanger
Hans A. Fjellanger
Gnr 103/7

Trond Fjellanger
Trond Fjellanger
Gnr 103/8 og 15

13

R R R R R H T N S H E N R I K